

# J JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING REKNESKAP 2012



Styret på befaring i Grønbogen Fjelltak 20. juni 2012

Årsmøte på Joramo Næringstun onsdag 10. april 2013 kl. 19.00

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING FOR 2012

### ADMINISTRASJON

#### **Styre før ålmenningsvalet 11. april 2012:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen</i> - leiar	(2010 – 2014)
<i>Birger Brækken</i> – nestleiar	(2010 – 2014)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2010 – 2014)
<i>Jørn Martin Joramo</i>	(2008 – 2012)
<i>Egil Killi</i>	(2008 – 2012)
<i>Øivind Groven</i>	(2008 – 2012)

#### **Styre etter ålmenningsvalet 11. april 2012:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen</i> - leiar	(2010 – 2014)
<i>Birger Brækken</i> – nestleiar	(2010 – 2014)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2010 – 2014)
<i>Egil Killi</i>	(2012 – 2016)
<i>Øivind Groven</i>	(2012 – 2016)
<i>Irene Amundgård</i>	(2012 – 2016)

#### **Varamedlemer 2010 – 2014:**

1. *Dag Siljehaug*
2. *Tor Bøe*
3. *Pål-Lasse Torstad*

#### **Varamedlemer 2012 -2016:**

1. *Tore Amundgård*
2. *Morten Hovhaugholen*
3. *Brit Elin Gråberg*

#### **Valkomite:**

*Bjørn Ødegård*  
*Reidar Brækken*  
*Ellen Sørungård Syse*

#### **Dovre elgutval:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Jorkvitlan grunneigarlag:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Revisor:**

*Ola Jakob Myhre, PricewaterhouseCoopers AS Lillehammer*

#### **Kontor:**

*Narve Tveiten (50% stilling - ålmenningsstyrar)*

Det er halde 8 styremøte og 46 saker er behandla. Årsmøte med ålmenningsval vart halde på Joramo Næringstun 11. april med 3 styremedlemer, 5 andre bruksrettshavarar og styrar til stades.

Styrar fekk innvilga permisjon i ein månad i 2012. Etter søknad går han over i 40 % stilling frå 1. januar 2013. Bakgrunnen for dette er mindre arbeidsmengde i jobben som styrar, og ynskje om mindre arbeid utanom garden.

## **SPESIELLE STYRESAKER I 2012**

### ***Avtale om massetak – Grønbogen Fjelltak***

Det er inngått avtale med Snøhetta Anlegg DA om leige av massetak for uttak av fjell i Grønbogen. Avtala gjeld for ti år, med opsjon på vidare leige i fem nye år. I tillegg er det inngått avtale om bruk av vegar for uttransport av masse.

### ***Nytt sankeanlegg for sau og storfe***

Jora Beitelag har fått innvilga søknad om anlegg av nytt sankeanlegg på Obersthaugen. Plassen er rydda for skog, og det er sett opp gjerde rundt innhegning i tilknytning til planlagt anlegg. Anlegget blir dimensjonert for å kunne handtere ca 1000 sau. Opparbeiding og tilordning av sankekve med teknisk utstyr er planlagt å stå ferdig til sankinga i 2013. Beitelaget har i tillegg bygd sankekve for sau og storfe i krysset mellom Setervegen og Brannvegen.

### ***Avslutning av Prosjekt Biovarme***

Joramo bygdealmening tok i 2007 initiativ til å prøve å få etablert eit lokalt biovarmeselskap for Lesja og Dovre. Rundt 50 skogeigarar har meldt interesse for å delta i selskapet. Med støtte frå Innovasjon Norge (IN) vart det gjennomført eit forprosjekt i perioden mars 2008 til november 2010 for å undersøke marknaden for biovarme i Lesja og Dovre og førebu danning av eit skogeigareigd biovarmeselskap. I januar 2011 vart det på eit møte i interessegruppa valt eit interimstyre til å arbeide vidare med saka. Med støtte frå IN vart det gjennomført eit nytt forprosjekt for biovarmeanlegg på Dombås. Mats Rosenberg (Bioen AS) vart engasjert til å utarbeide moglege løysingar for leveranse av biovarme til Dombås Hotell og Dovre kommune (svømmehall, samfunnshus, skule) med vurdering av lønsamheit for ulike alternativ. Tilbod vart lagt fram for dei aktuelle kundane. Kommunen vurderte det som ikkje lønsamt å leggje om til biovarme, og det gjorde det uaktuelt for Dombås Hotell å gå inn som kunde åleine pga av høgare varmepris. Forprosjektet er avslutta med negativt resultat. Fram til januar 2011 jobba Narve Tveiten med Prosjekt Biovarme som styrar i Joramo bygdealmening (JB). Etter dette har han delteke i arbeidet som medlem av interimstyret på privat grunnlag som interessert skogeigar.

### ***Joramo Næringstun***

I løpet av året er den eine porten på ambulansegarasjen skifta ut med ein meir solid port pga av skade og driftsproblemer. Sykehuset Innlandet dekte rundt halvparten av kostnaden. Dombås Bygg har utført ein del av arbeidet som stod att i høve til anbodet, før selskapet gjekk konkurs i haust. Sluttoppgjeret med konkursbuet er ikkje avklara. Det er utført ein del bygningsmessig vedlikehald av hybelleigheit med utskifting av kledning og etterisolering.

## BRUKSRETT

Pr. 31.12.2012 var det 111 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmemming, i alt 160 bruk. Det er inga endring i høve til 2011.

Det er utbetalt kr 89.021 i *bruksrettsytingar* og kr 3.180 i *tilskot* til bruksrettshavarar, totalt kr 92.201.

Det er *utvist ved* på rot til 23 bruksrettshavarar - volum ca 85 m<sup>3</sup>.

Det er utvist 49 m<sup>3</sup> massevyrke som vedutvisning til 7 bruksrettshavarar.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

Det er 17 aktive medlemmer i Jora beitelag, 8 med sau og 9 med storfe.

2061(2028) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 39 (25) søyer og 131 (145) lam gjekk tapt. Tapsårsak er i hovudsak jerv, og nokre påkjørt av tog. Det vart felt 1 jerv på skadefellingsløyve i Einøvlingshøe.

## SKOGENS DRIFT

### *Skogkultur*

Det er *planta* 25 da på hogstfelt frå 2007 synna Snøhetta Næringspark (Ammunisjonslageret).

### *Skogsdrifter sesongen 2011/-12.*

#### *Tynningshogst synna Øvre Stålan:*

<b>Inntekter</b>	<b>Volum m<sup>3</sup>:</b>	<b>Verdi:</b>	<b>Pris pr. m<sup>3</sup>:</b>
<b>Sortiment</b>			
Massevyrke gran	132,44	34832	263,00
Massevyrke furu	419,33	106926	254,99
Vraka vyrke	5,70	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>557,47</b>	<b><u>141758</u></b>	<b><u>254,29</u></b>
<b>Utgifter:</b>			
Driftsutgifter	551,77	121389	220,00
Måleutgifter	557,47	1658	2,97
FOU-avgift	551,77	551	1,00
<b>Sum utgifter</b>		<b><u>123598</u></b>	<b><u>221,71</u></b>
<b>RÅNETTO</b>		<b><u>18160</u></b>	<b><u>32,58</u></b>

I tillegg er det seld 70 m<sup>3</sup> bjørk (49 m<sup>3</sup> til bruksrettsved og 21 m<sup>3</sup> til andre) og 3,5 m<sup>3</sup> attliggjande blått skurtømmer frå denne drifta.

**Frørestillingshogst ovanfor Svenskebakken og på Obersthaugen:**

<b>Inntekter</b>			
<b>Sortiment</b>	<b>Volum m<sup>3</sup>:</b>	<b>Verdi:</b>	<b>Pris pr. m<sup>3</sup>:</b>
Massevyrke furu	672,52	171491	255,00
Furu sagtømmer sams	310,10	123089	396,93
Furu sagtømmer utlegg	7,97	1594	200,00
Furu sagtømmer vrak	1,45	0	0,00
Furu lengeavdrag	0,67	0	0,00
Furu diameteravdrag	1,31	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>1005,39</b>	<b><u>299642</u></b>	<b><u>298,04</u></b>

<b>Utgifter:</b>			
Driftsutgifter	1001,96	138268	138,00
Måleutgifter	1003,41	3465	3,45
FOU-avgift	1001,96	1002	1,00
<b>Sum utgifter</b>		<b><u>142735</u></b>	<b><u>141,97</u></b>
<b>RÅNETTO</b>		<b><u>156907</u></b>	<b><u>156,07</u></b>

Andel massevyrke: 67 %

Andel vrak, utlegg og avdrag av innmålt sagtømmer: 3,6 %

Balansekvantum etter skogbruksplanen er 1280 m<sup>3</sup>.

## **JAKT**

### ***Elg- og hjortjakt***

Fjellfeltet Lag: *Hans Nørstebø*  
Kvote elg: 1 eldre ukse, 1 eldre kolle og 1 kalv/ungdyr  
Kvote hjort: 1 fritt dyr  
Felling elg: 1 eldre ukse (214 kg – 8 takker), 1 eldre kolle (158 kg) og 1 ungdyr kolle (125 kg)  
Felling hjort: 1 eldre bukk (96 kg – 8 takker)

Skogfeltet Lag: *Gunnar Holum*  
Kvote elg: 1 yngre ukse og 2 kalv/ungdyr  
Kvote hjort: 1 eldre dyr  
Felling elg: 1 eldre ukse (190 kg) og 1 ungdyr ukse (112 kg)  
Felling hjort: 1 eldre bukk (80 kg – 6 takker)

### ***Småviltjakt***

Oversyn over kortsal:

<b>Korttype:</b>	<b>Prisar (u.b./i.b./br.r.)</b>	<b>Utanbygds:</b>	<b>Innanbygds:</b>	<b>Bruksrett:</b>
Sesongkort med hund (rupe+hare)	1000/500/0	9+8	15 (inkl 4 gave)	3
Sesongkort utan hund	990/490/0	6	1	
3-dagars kort med hund	600/---/---	4		
3-dagars kort utan hund	590/---/---			
Snurrufangst	250/250/0		0	

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2011 i parentes).

Hare: 6 (10) stk. på 40 (42) jakt dagar fordelt på 6 (9) jegerar.

Rupe: 63 (102) stk på 132 (178) jakt dagar fordelt på 22 (37) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Dårlig

Rupe: Litt under medels god (sterkt varierende vurderingar)

*Jo Halgunset* utførte rupetaksering i august. Takseringa viste svært liten bestand.

Fangstgrensa vart sett ned frå 2 ruper per dag og 10 per sesong til 1 rupe og 5 ruper. Sal av

kort (utan hund) vart stoppa frå 6. september. Styrar gjekk tre turar jakttoppsyn 22. – 24.

september. Det vart meldt om observasjon av jegerar med hund i dagane før dette er tillatt, og

neste år vil perioden 15. – 19. september bli prioritert med omsyn til oppsyn.

**Reinsjakt**

*Snøhetta:*

Kvote: 3 frie dyr, 2 klufbuk, 8 simle/ungdyr og 8 kalvar.

Felling: 2 eldre bukkar, 3 eldre simler 2 bukkekalvar (fellingsprosent=33)

*Rondane nord:*

Kvote: 1 fritt dyr u. 50 kg.

Felling: 1 yngre bukk (fellingsprosent=100)

**Rådyrjakt**

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Bjørn Svendsgard*

" " 2 (nord for Raumabanen): *Bjørn Svendsgard*

Individuell bukkejakt (sør for E136): *Tor Ivar Hovhaugholen*

Kvote: 5 dyr

Felling: 2 dyr felt

**Rovdyrjakt**

Laget til *Gunnar Holum* fekk løyve til å jakte gaupe i ålmenninga under kvotejaka.

**UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG**

**Leigetakarar pr. 31.12.2012:**

Sykehuset Innlandet

Norsk Landbruksrådgivning Gudbrandsdalen:

Q-meieriene:

*Ambulansestasjon*

*Leif Martin Svisdal* - rådgjevar

*Kari Austvik* – produksjonsveileder

(slutta 1. november, ny tilsett frå 1.januar 2013)

## ØKONOMI

Rekneskapen for 2012 syner eit overskot på kr 252.019. Det som har påverka resultatet mest er:

- + Mindre utbetalingar til bruksrettsytingar og tilskot (kr 92.201 i 2012 mot kr 195.877 i 2011 og budsjettert for 2012 kr 268.000)
- + Overskot kr 105.074 i utleige av næringsbygg, garasje og uthus
- + Stort tømmer- og vedsal (netto kr 220.259)
- Mindre inntekter av sal av grus (netto kr 72.000 mot budsjettert kr 220.000)
- Verdiregulering av aksjar i Norske Skog (ned kr 56.405)

Pr. 31.12.12 var innestående beløp i bank og kasse kr 672.539 (ned kr 281.240).

Byggjelånet på kr 647.136 per 01.01.12 er innfridd.

Aksjane i Norske Skog er bokført til marknadsverdi (kr 13.435) mot tidlegare kostpris (kr 69.840).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 264.688 (ned kr 51.707).

Kortsiktige krav er kr 147.738 (ned kr 81.598).

Joramo Næringstun, 14. mars 2013

Tor Ivar Hovhaugholen

leiar

Birger Brækken

nesteleiar

Dag Siljehaug

vara for Eva M. Nordlie

Øivind Groven

Egil Killi

Irene Amundgård

Narve Tveiten

styrar